

# S



BANGLADESH

# Tok grep - firedobla inntekta

UGANDA

SpRING gjev  
håp

BURKINA FASO

Terrorfrykt stengjer  
ikkje skolen

SRI LANKA

Verkstad ved  
vegkanten



## ØYBLIKKET

Kveldslyset senke seg over marknadsplassen til ein korgseljar ein stad i nærleiken av Bagerhat i Bangladesh.

*Tekst og foto EGIL MONGSTAD*





# Kampen mot fattigdom må ta ny sats

**V**erda står overfor ei av dei største utfordringane me har sett på mange årtider. Pandemien starta elende, krigen i Ukraina gjorde ikkje ting betre, og no stramar ei energikrise, global oppvarming og matsituasjonen grepet ytterlegare. Kanskje er det aller verste at så mange born har gått glipp av heilt grunnleggande og avgjerande utdanning. I månader har skular og klasserom stått tomme, og lærarflukt er ein realitet mange stader. Ettersom skulane har opna igjen, er det land som på nytt må holde skular stengde ein dag eller nokre timar i veka, på grunn av skyhøge energiprisar.

Dette er alvorleg. For born som har gått glipp av utdanning vil det ta fleire år før dei kan lese, og skrive- og rekne kunnskapen er der den skal være. Og globalt taper verdsøkonomien milliardar på at millionar av born ikkje har fått den utdanninga dei skulle hatt.

I Strømmestiftelsen er me opptekne av utdanning. Me meiner det er vegen ut av fattigdom. Saman med at folk får arbeid og inntekt er det heilt avgjerande at skular blir rusta opp, at lærarar får god utdanning så dei kan gje borna den opplæringa dei har krav på.

Våre eigne styresmakter har nedprioritert utdanning. Det er det vanskeleg å forstå når ein veit kor avgjerande utdanning er for all utvikling.

**Dette er min siste leiarartikkel i Strømmestiftelsen.** I 24 år har jobben min vore å rapportere frå arbeidet vårt, å informere om kampen mot fattigdom og kvifor det er så viktig at me heldt på med det det me gjer. Det har vore ei takksam oppgave. Ikkje minst fordi det er så mange som støttar og heiar på arbeidet vårt. Men aller mest takksam er eg til alle dei som har delt sine historiar, sine draumar og håp, og fortalt meg om sine liv og sine utfordringar. Til alle dei som har teke meg med inn i sin fattigdom og raust delt av sine festdagar og kvardagar med meg. For nokre fine folk! Eg er dei alle djupt takksam.



Egil Mongstad  
Redaktør

**5** Fra dagarbeider til egen sjef

**8** Spennende skoledag

**10** Ble ikke barnebrud

**14** Vant over minnene

**18** Verden i bilder

**24** Fra nært og fjernt

**26** Sparing gir håp i Nord-Uganda

**28** Årsrapport 2021

**30** Hjertevenn

**35** Bursdagsgave til Speed School

Adresse: Tangen 8, 4608 Kristiansand · Telefon: 38 12 75 00 · post@strommestiftelsen.no  
www.strommestiftelsen.no · Kontonummer: 3000.32.51000 · Vipps: 03002

# S

## ANSVARLIG REDAKTØR

Erik Lunde

## REDAKTØR

Egil Mongstad

## JOURNALISTER

Kirsten Falch

## DESIGN

Innoventi

## TRYKK

United Press

## OPPLAG

17.700

S Kommer ut fire ganger i året  
ISSN 2703-8513



Fire kvinner i Bangladesh som gleder seg over mulighetene gruppa de er med i gir dem.  
Foto: Egil Mongstad

Strømmestiftelsen bekjemper fattigdom gjennom utdanning, jobbskaping og samfunnsbygging i 11 land i Asia og Afrika. Vi gir mennesker muligheten til selv å kjempe seg ut av fattigdom.

S er trykket på miljømerket, resirkulert papir og pakket i 100 prosent nedbrytbar biofilm som skal kastes i matavfall. Strømmestiftelsen er med i Innsamlingskontrollen.



# Fra dagarbeider til egen sjef

Fattigdommen har ennå ikke helt sluppet taket hjemme hos 40 år gamle Suvho Rani Bara. Men i selvhjelpsgruppa «Shapla» har hun fått nytt håp, og nå tør hun se fremover.

*Tekst og foto EGIL MONGSTAD, SOUTH MOMINPUR, BANGLADESH*



**R**ad på rad står plantene og brer seg grønne og frodige på brede stativer som står på påler en meter eller så over bakken. Som et irrgroent teppe dekker de verdifulle plantene flere rader over et område på et halvt mål. Her dyrker Suvho den ettertraktede grønnsaken spiny gourd, en grønnsak som dyrkes i monsuntiden og er blant annet svært rik på proteiner og jern.

#### GOD FORRETNING

Grønne blader, lyse - nærmest hvite blomster og modne frukter. Alt er på buskene nå. Suvho går fra busk til busk. I den ene hånden holder hun en liten rød plastkurv. Visne blader blir plukket bort, og med en blomst i den andre hånden bestøver hun blomster som skal gi en ny vekst. Under plantene henger det hun er ute etter, en ettertraktet grønnsak som i sesongen gir svært godt betalt. For et kilo kan hun kassere inn rundt åtte taka (om lag 80 øre), av og til mer.

#### FATTIGDOMSBEKJEMPER

– Jeg jublet da jeg ble valgt til å være med i prosjektet sammen med 14 andre kvinner i landsbyen. Jeg kan skrive navnet mitt, men jeg kan ikke lese og har ikke gått på skolen.

Sammen med mannen min har jeg jobbet som dagarbeider og tjente mindre enn en dollar om dagen. Dette prosjektet har forandret alt for meg og familien min, sier Suvho med et bredt smil. Hun har to voksne sønner, en som er 21 år og gift, og en yngre som fortsatt bor hjemme. Han er 18 år og dagarbeider.

Gruppen hun er med i startet for tre år siden gjennom Strømmestiftelsens samarbeidsorganisasjon Rangpur Dinajpur Rural Service (RDRS).

#### HARDT ARBEID

– Vi var fattige. Vi jobbet mye, dagene var lange og vi tjente lite. Huset vi bodde i var av jord og leire og stråtak. Vi hadde ikke vegger og tak av bølgeblekk, som i dag. Når vi jobbet ute hos gårdeierne, måtte vi ha med oss mat, men vann fikk vi. Vi hadde ikke husdyr, og grønnsaker brukte vi ikke. Den yngste sønnen vår begynte å arbeide sammen med oss da han var 12 år. Jeg husker vi brukte nesten alt vi tjente på mat. Det var en vanskelig tid. Skjedde det noe spesielt, som for eksempel et bryllup, festivaler eller noe vi skulle være med på, måtte vi låne penger fra pengelåneren. Det var dyre lån. Jeg er glad vi ikke behøver det lenger, sier hun.

#### LÅN FRA GRUPPAS SPAREKASSE

Blikket blir fjernt, og den smilende kvinnen får et alvorlig drag over ansiktet.




Fellesskap betyr mye for Suvho Rani Bara og de andre medlemmene i gruppa. Hvert møte blir åpnet med en symbolsk handling som viser en ring av fellesskap.

66

## Nå jobber vi sammen og forhandler med oppkjøperne slik at vi får den beste prisen markedet kan gi.

Suvho Rani Bara



1kg = 80øre

Spiny Gourd er en ettertraktet grønnsak som dyrkes i monsuntid og gir svært godt betalt. For et kilo kan Suvho Rani tjene rundt åtte taka (omlag 80 øre), og av og til mer.



Bedre økonomi gjør at Suvho Rani nå har et bedre kokested og et hus med bølgeblekk og tak som er tett.

– Fattigdom er å ikke ha kunnskap. Vi viste ikke at det vi er med på nå kunne være mulig. Nå kan vi låne fra våre egne penger i selvhjelpsgruppa. Før måtte vi ta dyre lån fra pengelåneren. Lånte vi 10 000 taka, kostet det 15 000 etter et år. Nå kan vi låne mye billigere. For lånet betaler vi en liten avgift vi selv bestemmer. Jeg har lånt tre ganger, hver gang 5000 taka (500 kroner) og betalt tilbake 5500 taka. 500 taka (50 kroner) er prisen gruppa tar for et lån over seks måneder, og det er penger vi betaler til oss selv, sier hun med et stort smil.

Gruppen kommer sammen en gang i måneden for å diskutere ulike temaer. Nå lærer de om dyrehelse, og etter en stund er det nye temaer. En gang i uka har de spare- og lånemøte. Suvho og de andre medlemmene må spare minst 20 taka (2 kroner) per gang.

#### FELLESSKAP

– RDRS har lært oss nye og effektive måter å dyrke på som gjør at vi får mer ut av hver plante. Vi har også lært mye om helse, hygiene, ernæ-

ring, hvor viktig det er med rent vann, hvordan vi kan legge planer for å utvikle familien og jobbe for å nå drømmene våre. På de ukentlige samlingene har vi snakket om hvilke rettigheter og plikter vi har i samfunnet. Nå jobber vi sammen og forhandler med oppkjøperne slik at vi får den beste prisen markedet kan gi, sier Suvho. Hun plukker åtte - ti ferdig modne spiny gourd som hun legger i kurven. Prisen er gunstig nå.

#### FULL KONTROLL

– Nå kan jeg tjene 500 – 600 taka (50 – 60 kroner) i uka. Det er mye bedre enn hva jeg noen gang kunne drømme om, sier Suvho og gir halm til de to kvigene som står tjoret fast på gårdsplassen. Med lån fra gruppa har hun kjøpt både kalver, geiter og høner, og i den ene utkanten av tomten har hun boret etter vann og montert en vannpumpe.

– Fellesskapet har gjort oss godt. Det er ikke oppkjøperne som har kontrollen lenger. Nå er det vi som bestemmer pris og har kontrollen.

Vi følger med på prisutviklingen i markedet. Vi har kontakter som melder fra, og vi selger sammen og lokalt, derfor kan vi holde prisene oppe. Det er bra for oss, sier Suvho.

#### SER FREMOVER NÅ

– Nå kan vi reparere huset, fordi vi har penger til det. Før var vi forsiktige og torde ikke si fra eller snakke med andre. Vi følte oss alene og ikke sterke nok mot myndighetene. Nå er vi en gruppe og står mye sterkere. Vi jobber for rettferdighet og at alle dem som har rett på ytelse får det de har rett på, for eksempel enkepenger og barselspenger. Takk til RDRS for at dere har vist oss dette. Livet i landsbyen har blitt mye bedre, sier Suvho Rani.





Lærer Kota Malla Koch bukker dypt og ønsker en av elevene velkommen til skolen. Slik møter hun alle barna hver dag de kommer til skolen.

# Spennende skoledag med eget skriftspråk

Det er en ny skoledag på Rangita førskole i landsbyen Rangita i Sherpur nord i Bangladesh. Barna stiller opp og går en og en frem til en plakat med et bilde av hver elev. Så peker de på bildet av seg selv, sier navnet sitt og «God morgen, lærer».

Tekst og foto EGIL MONGSTAD – RANGITA, BANGLADESH

Inne i skolestua stiller de 15 barna opp på to rekker. Alle er i fire – fem årsalderen. På veggene henger det plakater, tegninger og store bilder. Her er bokstaver og bilder av frukter, grønnsaker og dyr, alt skrevet på morsmålet Koch. På den ene veggen er det en tegning av Mor Teresa. På en plakat er tallene fra en til 20 skrevet med bokstaver, og på veggene henger plakater med det bengalske alfabetet.

## TRUET SPRÅK

– Har dere spist i dag, og har dere vasket hendene med såpe og pusset tennene, spør læreren, Kota Malla Koch på Koch-språket og smiler. Barna nikker, smiler og forteller høylytt at det har de.

Språket deres snakkes av den etniske minoriteten Koch i Bangladesh, India og Nepal. Ifølge en oversikt fra 2011 finnes det i dag bare rundt 37 000 mennesker som tilhører denne folkegruppen og snakker språket, som er et truet språk, ifølge UNESCO. 5000 av dem lever nord-øst i Bangladesh.

Så synger de en sang om det å få besøk og om å møte andre mennesker og hvordan vi kan hjelpe hverandre og lære av hverandre.

## EGET SKRIFTSPRÅK

Skolen drives av Strømmestiftelsens samarbeidsorganisasjon CARITAS, og er den eneste førskolen i området. De fleste av de 107 familiene som bor her tilhører denne minoriteten.

Barna går to år på førskolen før de fortsetter i den offentlige skolen. Det første året får de undervisningen på sitt eget morsmål. Det andre året lærer de Bangla, slik at de kan møte den offentlige skolen med litt kunnskap i Bangla.



Kota Malla. – Jeg elsker å undervise.

## STYRKER IDENTITETEN

De siste tre årene har Strømmestiftelsen betalt for å utvikle et eget skriftspråk for Koch-målet.

– At vi har fått vårt eget skriftspråk er så viktig for vår identitet som urfolk. Uten skriftspråk hadde vi mistet både språket og identiteten vår. Nå lærer de sanger, dikt og fortellinger om vår egen kultur og tradisjon på vårt eget språk. Det betyr så mye, sier Gunjo Malla Koch, mor til et av barna i førskolen.

## TAR VARE PÅ ORDENE

Kota Malla smiler og underviser barna. «Hva heter dette, hvordan uttaler du dette, kan du



Kota Malla har samlet barna og bruker ofte tid til å lese og fortelle historier for dem.

telle til fem på Koch?» Og barna svarer. Iivrige kommer de frem, en etter en, og peker og forteller, snakker og ser spørrende på læreren når de ikke forstår. Så synger de litt, klapper og Kota Malla forteller litt før de fortsetter.

– Jeg elsker å undervise. De er ivrige, de vil lære, og det er så bra at vi har fått skriftspråk og bøker som gjør at vi nå kan lese på vårt eget morsmål. De elsker å se i bøkene, de kjenner igjen ting de ser på bildene. Slik bevarer vi språket vårt. Det betyr så mye for barna og motivasjonen deres, og det er viktig for foreldrene og kulturen vår. Med vårt eget skriftspråk kan vi ta vare på ordene våre, slik at de aldri blir borte. Og når undervis-

ningen andre skoleår er på Bangla, vil barna lære bedre når de skal fortsette skolegang i den offentlige skolen, som bare er på Bangla, sier Kota Malla.

– Vi har mistet så mye. Da vi kjempet for vår frihet mot Pakistan i 1971, var det mange som flyktet til India. Da vi kom tilbake, var jorden vi hadde eid i flere generasjoner blitt stjålet av bangladeshere. Nå eier vi svært lite land, og de fleste av oss her er blitt dagarbeidere. Derfor er språket vårt så viktig. Myndighetene er ikke interessert i oss og vil ikke bruke penger på at vi får et språk. Derfor er det CARITAS og dere har gjort så viktig, sier Suqol Krishor

# 66

**Med vårt eget skriftspråk kan vi ta vare på ordene våre, slik at de aldri blir borte.**

Kota Malla Koch – lærer

Koch, som er lærer og underviser i barneskolen.

– Det betyr så uendelig mye for oss, sier han.

I klasserommet synger lærer Kota Malla og barna en sang om tradisjoner, kultur og historie. Med eget skriftspråk vil de være med å endre sin egen og sitt lokalsamfunn sin fremtid.

## FAKTA

Da CARITAS og Strømmestiftelsen startet prosjektet for over tre år siden hadde ikke Koch-folket skriftspråk, og språket var i ferd med å forsvinne. Nå kan språket bevares og bidra til å ivareta Koch-folkets historie og kultur.





Shadona kom seg så vidt unna det å bli barnebrud. No drøyer ho om utdanning. Ho vil bli songar og utvikle songen og songstemma si.

# Blei ikkje barnebrud

Shadona Thirki var berre 16 år då foreldra ville gifte henne bort. No takkar mor hennar for at dei blei stogga.

Tekst og foto EGIL MONGSTAD – GAROPARA, BANGLADESH

Det er skodespel i landsbyen. Temaet er barneekteskap, og Shadona spelar guten som vil gifte seg med den mykje yngre jenta som ikkje er meir enn 12 – 13 år. «Han» kranglar seg til å få lov og gifte seg. Foreldra hans er glade og brura lei seg. Så blir ho gravid, og i fødsel døyr ho.

## EIN MUNN MINDRE Å METTE

Tematikken er høgaktuell i Bangladesh, det landet i verda som i følge UNICEF har flest barneekteskap, etter Niger. Minstealder for å gifte seg i Bangladesh er 18 år, men tal frå UNICEF viser at i landet er det 34,5 millionar jenter og kvinner som alle var gifte før dei var 18 år gamle. 13,4 millionar av dei var under 15 år.

– Me forstod ikkje kor feil det ville være å gifte bort dotter vår så ung. Me hadde ikkje den kunnskapen. Sjølv blei eg gift då eg var 13 – 14 år gamal, og viste ikkje at barneekteskap var galt. Det var heilt naturleg for meg og mannen min at dottera vår skulle gifte seg då me meinte ho var klar for det. Me er fattige, og det kunne bety mykje å ha ein munn mindre å mette. Men no ser me kor galt det hadde vore om me hadde gifta henne bort, fortel mor til Shadona, 34 år gamle Malotika Ekka.

## VILLE GÅ PÅ SKULEN

Det var venene i Shonglap-gruppa som

redda Shadona frå ekteskapet. I Shonglap-programmet hadde dei snakka om barneekteskap og kor viktig det er å hindre at det skjer. Dei siste åra har Shonglap redda fleire jenter frå å bli barnebruder. No var det ei frå deira eigen klasse som måtte reddast.

– Eg gråt og gråt. Alt var trist. Mor hadde fortalt meg at dei hadde funne ein mann til meg. Men eg ville ikkje gifte meg. Eg ville gå på skulen. Eg ville studere og bli songar. Eg elsker å synge og spele teater. Det gjer meg glad, seier ho og reiser seg og syng ein song, ein song om livet og kvifor me er her.

No er ho med i Shonglap-forum og går i 12 klasse i ungdomsskulen.

# 50%

Over 50 prosent av kvinnene i Bangladesh som no er midt i 20-åra, blei gifta bort før dei hadde fyllt 18 år. Omlag 15 prosent var under 15 år.

## STOGGA EKTESKAPET

– Eg var livredd og viste ikkje korleis eg kunne komme unna dette. Håpet kom då venene mine i Shonglap-gruppa tok kontakt med mor og far. Men dei ville ikkje lytte, og var bestemte på at ekteskap skulle det bli, seier den unge jenta, som no er blitt 17 år gamal.

Men venene gav ikkje opp. Dei snakka med folk i landsbyen og fekk støtte, og snart måtte foreldra gje seg. Å snu prosessen tok lang tid, men etter sju dagar blei ekteskapet stogga.

– Det var heilt forferdeleg. Eg blei så trist. Me skulle holde bryllaup og gifte bort dotter vår. No er eg verkeleg glad det blei stogga, seier mor og ser stolt på dotter si.

## STOLT OG GLAD

– Når eg ser ho saman med dei andre jentene her og ser ho i teater og korleis ho syng og dansar og er med å påverkar oss som bur her, då blir eg både stolt og glad. Eg ser kva det betyr for henne og kor mykje ho og dei andre jentene gjer for landsbyen vår, då skjønar eg at det var feil å skulle gifte henne bort, seier mor Ekka.

Shonglap har skapt store endringar og gjort at problem knytt til alkohol er kraftig redusert. Talet på barneekteskap, som før Shonglap kunne være fleire i året, er også kraftig redusert.

– Dei vaksne ser på oss jenter som ei byrde. Difor vil dei gifte oss bort. Eg blir så trist når eg tenkjer på det. Men no ser dei at me har verdi, at me kan bidra og delta, både med kunnskap og inntekter.



– Eg blei trist då ekteskapet blei stogga. No er eg glad det skjedde, seier Malotika Ekka. Her saman med dotter si Shadona.

I Shonglap startar dei ein aktivitet som gjev inntekt. Det kan være frisør, skreddar, drive med geiter, høner eller ender, eller anna.

– Slik kan me og hjelpe foreldra våre og samstundes syte for pengar til vår eiga utdanning. Dette hadde aldri skjedd om eg hadde blitt gifta bort. Det var Shonglap som redda meg, seier Shadona med eit stort smil.

## FAKTA: BANGLADESH



# 60%

60 prosent av dei som no er mellom 20 og 24 år og blei gifte bort før dei fylte 18 har aldri gått på skule.



# 25%

25 prosent av kvinnene som er gifte før 18 år meiner det er greit å bli slått av mannen.



Jenter blir meir sårbare for barneekteskap og menneskehandel når ein ser det i samanheng med klimaendringar og den globale oppvarminga. Bangladesh er spesielt sårbart.



# Mekanikaren i Madhu

Nirojan Isithor sit ikkje på latsida og ventar på at nokon skal gjere opp for han. 24-åringen har starta sin eigen mekaniske verkstad, og kundane strøymar på.

Tekst EGIL MONGSTAD - MADHU JUNCTION, SRI LANKA

**O**nkel hadde verkstad. Når me var på besøk der, var eg alltid saman med han. Eg fekk bli kjent med nokre av verkøya hans og tenkte at "når eg blir stor, skal eg òg gjere dette", fortel 24-åringen.

## LÆRLING

Verkstaden ligg langsmed vegen, like ved tettstaden Madhu, nokre mil før du kjem til byen Mannar på nord-vest kysten av Sri Lanka. I leige betalar han vel 100 kroner i månaden.

I Mannar fekk tenåringen yrkesopplæring i verkstadsfag og mekanikk gjennom Caritas, ein av Strømmestiftelsen sine samarbeidspartnarar på Sri Lanka. Eit kurs over 12 månader, og halvanna år som lærling på ein verkstad i Mannar, har gjeve 24-åringen nok kunnskap og pågangsmot til å investere.

– Eg kjem hit fordi han er ein av dei beste, seier ein kunde som kjem med ein motorsykel. Nirojan hentar skrujern og skiftenøkkel, og ikkje lenge etter er problemet løyst.

– Kjedet var for slakt, så eg måtte stramme det. No er alt orden, seier han.

## SNART GJELDFRI

Nirojan har teke opp lån og investert fleire hundre tusen rupi i utstyr og verkøyt til verkstaden sin. Noko har han lånt frå foreldra og noko frå Road Workers Society (vegarbeider-

foreininga), som han er med i. Frå Caritas fekk han vel 500 kroner i oppstartgåve, og litt har han frå eiga sparing. Det meste har han betalt attende. No skuldar han berre 2400 kroner, så er han gjeldfri.

## LITT BILLIGARE

– Eg likar å reparere og skru på ting, seier han. I verkstaden har han det han treng for å hjelpe vegfarande med det dei treng. Og han er alltid tilgjengeleg.

– Dersom eg ikkje er her kan dei ringe, og eg kjem. Det er viktig for meg å ha eit godt forhold til kundane mine, seier han.

Han likar best å arbeide med tok-tok, motorsykel på tre hjul. Disse har han jobba mest med og kan mest om. På ein god dag kan han ha 10 – 15 kundar, og tjene 4-5000 rupi, 100-150 kroner dagen.

– Kostar ein jobb 300 rupi hjå andre tek eg halvparten. Dei har meir erfaring og kan ta meir, så eg ligg alltid under, fortel han med eit stort smil.

No har han bygd rampe for å gjere oljeskift på bilar, og draumen etter dette er å investere i eit anlegg for å lakkere sykklar, trehjulingar og bilar.

– Det vil koste, men samstundes gje meg enda fleire sjansar. Og skal ein nå litt lenger må ein satse, seier 24-åringen.

## FAKTA



# 3402

ungdommer lærte sist år et yrke gjennom Strømmestiftelsens satsing på utdanning og yrkesopplæring.

**NAVN** Nirojan Isithor

**BOSTED** Madhu

**SIVIL STATUS** Ugift

**INNTEKT** 100-150 kroner dagen

**ARBEID** Mekanikar



Nirojan Isithor er 24 år og har investert fleire hundre tusen rupi i verkøyt og utstyr til verkstaden sin.

Skal ein nå litt lenger må ein satse

Nirojan Isithor



Irata Regina (16) sliter fortsatt med vonde minner fra en vanskelig barndom. Gjennom Bonga-programmet har hun lært å leve med minnene. Nå ser hun fremover.



## Vant over de vonde minnene

Irata Regina (16) ble kidnappet og forsøkt tvangsgiftet. Nå har hun funnet indre styrke og fått selvtillit til å håndtere det vanskelige livet jenter i Karamoja svært ofte må leve med. Programmet Bonga har gitt mer enn 1000 jenter i det fattige distriktet håp om en bedre fremtid.

Tekst og foto SOFI LUNDIN – KARAMOJA, UGANDA

### FAKTA

## 40% sulter

Karamoja er nå utsatt for en av historiens verste sultkatastrofer. Mer enn en halv million mennesker, om lag 40 prosent av befolkningen sulter. Verst er det i distriktene Moroto og Kabong.

”På tre måneder har vi mistet mer enn 25 barn under fem år på grunn av underernæring”

Doktor Sharif Nalibe, distriktshelseoffiser i Kaabong.



Karamoja ligger nordøst i Uganda og er landets minst utviklede region. Området er kjent for blodige kamper om kveg og verdifulle mineraler. Her har miljøproblemer, underutvikling, kampen om mineraler og tår med konflikter skapt ekstrem fattigdom.



Halvparten av regionens rundt 1,2 millioner mennesker lever i ekstrem fattigdom. For mange fattige er gull- og marmorgruvene den eneste muligheten til inntekt. Hvert år blir utallige barn og voksne begravet i gruver som raser sammen.

Perlesmykker i knallsterke farger henger på et gjerde på markedsplassen. Irata Regina (16) viser stolt frem smykkene som har vært hennes levebrød det siste året.

– Jeg glemmer aldri den første Bonga-undervisningen. Vi spilte brettspill, og læreren skrev ting på tavla som jeg ikke forsto. Nå kan jeg både lese, skrive og lage smykker. Bonga har gitt meg kunnskap for livet, sier hun.

Regina har aldri gått på skolen. Da store-søsteren døde for noen år siden, var det Regina som måtte ta over og hjelpe moren sin.

– Jeg er veldig lei meg for at jeg aldri har fått gå på skolen, men jeg hadde ikke noe valg. Moren min måtte ha hjelp hjemme, sier hun.

### INDRE STYRKE OG KUNNSKAP FOR LIVET

I dag er hun en av 30 jenter i landsbyen som er med i programmet Bonga. Bonga er et swahili ord som betyr dialog, og ble startet opp i området av Strømmestiftelsen og flere partnere i 2019. Programmet ble til for å utfordre oppfatningen om at jenter er en økonomisk byrde og for å endre disse holdningene i samfunnet. I Karamoja er det startet flere slike senter. På hvert senter bruker de dans, drama og kunst som verktøy for å formidle budskap om barneekteskap, vold i hjemmet, alkoholbruk og tidlig graviditet. Så langt har rundt 1000 ungdommer deltatt i programmet, som også gir grunnleggende lese- og skriveferdigheter og praktisk opplæring innen en

rekke områder som skreddersøm, smykke-design, veving og strikking.

### STARTET «SPAREBANK»

Regina har lært å designe og lage smykker og er med i en gruppe som hjelper hverandre til å få en bedre hverdag. Smykkene selger de på markeder i området. Det de tjener setter de i en felles «bank».

– Det er penger vi kan låne. Det har gjort at jeg nå har flere inntektskilder, for eksempel kassava (lokal rotfrukt) som jeg selger på det lokale markedet, sier hun.

### KIDNAPPET FOR GIFTEMÅL

Regina sliter med minner fra den vanskelige barndommen. I fjor døde moren av slangebitt. Nå bor hun med sine onkler og to brødre. Å være ung jente i Karamoja er alt annet enn enkelt. Barneekteskap og tenåringsgraviteter er altfor vanlig i denne delen av Uganda.

– Vi jenter blir stadig trakassert av menn. En dag ble jeg kidnappet av en mann som ville gifte seg med meg. Jeg glemmer det aldri. Han og noen venner dro meg inn i skogen der jeg ble banket opp og misbrukt. Foreldrene mine gikk til politiet, men mannen klarte å komme seg unna, forteller Regina. Hun har mange lignende historier om jenter som blir utsatt for seksuell vold og forsøk på tvangsekteskap.

– Det er takket være Bonga at jeg klarer å leve med disse minnene. Bonga har lært meg å stå opp for mine rettigheter. Det har gitt meg indre styrke og tro på meg selv og lært meg hvordan jeg kan leve med minnene, sier Irata Regina.

# 66

Å være ung jente i Karamoja er alt annet enn enkelt. Barneekteskap og tenåringsgraviteter er altfor vanlig i denne delen av Uganda.

Irata Regina

Irata henger opp perlesmykker på et gjerde som hun har laget. Bonga-undervisningen har gitt henne kunnskap i smykkedesign som i dag hjelper henne å forsørge familien.





# Opne skular - tross terrorfrykt

Noriato Sawadogo (10) og Rahim Bamogo (12) går i same klasse. Fattigdom og mangel på tryggleik sendte dei ut av barneskulen. No er dei elevar i Speed School og har fått ein ny sjanse til å få ei utdanning.

Tekst og foto EGIL MONGSTAD – OUAGADOUGOU, BURKINA FASO



Fattigdom og trugsmål frå jihadistar gjorde at ti år gamle Noriato Sawadogo (t.h) og Rahim Bamogo (12) måtte slutte på skulen. Nå har Speed School gjeve dei ein ny sjanse til å lære og få ei utdanning.

Det er langt frå byen Boussouma til hovudstaden Ouagadougou i Burkina Faso. Reisa med buss tek fire – fem timar. For Noriato og Rahim starta turen til hovudstaden i morgontimane, då sola heldt på å stige opp over åsane i aust. Også området dei bur i er prega av jihadistar og terrorfrykt. No har dei teke turen til storbyen for å fortelje korleis Speed School har gjeve dei ein ny sjanse, og vil hjelpe dei attende til skulen.

## HUSARBEID OG BARNEPASS

– Det er så kjempefint at me har fått denne sjansen. Me har så lyst til å gå på skulen, utdanning er så viktig, det kan hjelpe oss til ein god jobb, seier dei to venene og lyser opp i eit stort smil.

Begge måtte slutte på grunn av fattigdom og konflikt mellom regjeringsstyrkar og jihadistar. Dette er ei konflikt som har gjort over 1,6 millionar menneske til flyktningar i eige land.

– Då pappa døydde, hadde me ikkje pengar til at både eg og syster mi kunne gå på skulen. Sidan ho var den eldste, var det ho som fekk begynne. Etter ei tid måtte ho slutte og ta jobb som hushjelp hjå eit syskenborn som hadde fått barn. Ho er framleis der. Men eg fekk ikkje hennar plass. Mamma var aleine, og eg måtte hjelpe henne med husarbeid og å passe småsysken, seier Noriato.

## LÆRARDRAUMEN

Aller helst ville ho gått på skulen. Men Noriato blei heime for å hjelpe mor.

– Ho fødte meg. Eg hadde ikkje betalt henne for det. Ho har gjort så mykje for meg. Det er mi plikt å hjelpe. Sidan pappa døydde så tidleg, var dette viktig, seier 10-åringen. Ho er glad i skulen og sjansen han gjev henne, og ho elsker å lese og skrive.

– Draumen min er å bli lærar og kanskje ein dag undervise ved ein Speed School. Det hadde eg lika, seier ho.

## BLIR IKKJE LURT LENGER

Rahim Bamogo kremtar forsiktig. Han elsker å syngje og stemmer i ein song om å ynskje velkommen og om ei trygg reise vidare og der du skal til. Han gjekk i andre klasse då han måtte slutte fordi det ikkje var trygt å sende borna til skulen.

– Eg var heime og hjalp foreldra mine. Men det er best å være på skulen. Der lærer eg andre ting og får kunnskap. Eg har mange vener som ikkje er på skulen. Det eg lærer, prøver eg også å lære vidare til dei, seier han. Aller best likar han rekning.

– No kan ingen lure meg når eg er på butikken, for no kan eg rekne sjølv, seier Rahim.

## VIKTIGARE ENN SKULE

– Å få foreldre til å forstå kor viktig det er at borna går på skulen kan være ei utfordring, seier Issa Sawadogo. Han er leiar i foreldrekomiteen for Speed School i Boussouma, og ser korleis mange born droppar ut av skulen for å arbeide. Pandemien har gjort enda fleire fattige, og foreldre vel å halde borna sine heime

slik at dei kan arbeide framfor å gå på skulen.

– For mange foreldre er pengar viktigare enn skulegang. Difor er Speed School gratis, seier Raichu Ilboudo, programkoordinator for Strømmestiftelsens samarbeidsorganisasjon, Foundation Development Community (FDC). I dag har ho ansvar for 10 senter i området med 25 elevar på kvart senter.

# 66

**Å få foreldre til å forstå kor viktig det er at borna går på skulen kan være ei utfordring.**

Issa Sawadogo

## 3100 STENGDE SKULAR

Mange born arbeider i gullgruvene og drøymmer om den store rikdommen.

– Men jobben er farleg og tek mange liv, seier Issa Sawadogo, og fortel at born heilt nede i 10-års alderen sluttar i skulen for å arbeide i gruvene eller for å hjelpe til heime.



Issa Sawadogo

Utfordringa er foreldre som ikkje skjønner kor viktig det er å få ei utdanning. Dei har aldri lært å lese og skrive. For dei er arbeid viktigare enn skule, seier Sawadogo. I regionen har frykt for jihadistar og terrorfrykt

stengt 3100 offentleg skular. 2000 av dei er i Mali, 1000 i Burkina Faso og 100 skular i Niger.

– Me vil også stengje Speed School senter dersom det er trong for det, og det har skjedd i nord. Men til no har alle sentera i våre område halde opne, seier Issa Sawadogo. Ein av sønene hans fekk ein ny sjanse med Speed School og går no i sjette klasse. Han er glad for det skulen betyr borna og framtida deira og meiner Speed School er trygg.



# Verden i bilder



## ← UGANDA

En kvinne med en balje av småfisken Mukene også kalt for sølvfisk, eller Victoria-sjøen sardiner, som hun har tørket og skal selge. Nesten 20 prosent av Uganda er dekket av innsjøer og elver, og landet er en av verdens største produsenter av ferskvannsfisk. Etter Tilapia og Nile-abbor er Mukene den fisken det fangstes mest av i landet. Fisken er svært næringsrik og rik på blant annet vitamin A og E.

FOTO: EGIL MONGSTAD



## ← BANGLADESH

Dans er ein viktig formidlar av kultur og tradisjon. I ungdomsgruppene Samvad, Shonglap i Asia, og Bonga i Aust-Afrika, blir dans også brukt i kampen mot barneekteskap, barnearbeid og for å skape haldningsendringar. Her dansar to jenter frå den etniske minoriteten Hajong i Bangladesh ein tradisjonell dans frå sin eigen kultur.

FOTO: EGIL MONGSTAD



## MYANMAR →

En jente i Myanmar, sminket med Thanakha-pulver (et pulver utvunnet fra treet Thanaka red.anm), bretter kronbladene på en lotusblomst.

Lotus er en viltvoksende plante i store deler av sørøst Asia og har stor betydning både i hinduismen og ikke minst i buddhismen der blomsten er symbolikken på livet og bærer i seg spiren til renhet og frelse.

FOTO: EGIL MONGSTAD



## ← BURKINA FASO

Vegen ut av fattigdom startar første skuledag. Dette er ein gjeng med skuleborn i ei Speed School gruppe i Burkina Faso. Dei fekk aldri oppleve første skuledag då dei skulle, men med Speed School har dei fått ein ny sjanse til å få utdanning. Ferske tal syner no at nærare 79 millionar born ikkje går på skule på grunn av krig, konflikt og klimaendringar.

FOTO: EGIL MONGSTAD



# Tok grep - skapte utvikling

Med trente fingre og raske hender fletter Rashu Rani Khotriya en ny «Kula» som hun gir til mannen. Med fiber fra bambus syr han den fast til en ramme av bambus. Snart blir det nye kjøkkenredskapet å finne på et marked et eller annet sted i Bangladesh.

Tekst og foto EGIL MONGSTAD – PATILAGON, BANGLADESH

**U**nder et halvtak sitter Rashu og mannen Sadhon Chandra Khotriya og jobber. Trente hender vet hva de skal gjøre. Gjennom flere generasjoner har befolkningen i landsbyen flettet kurver, matter og utstyr til husholdning og gårdsdrift. For snart fire år siden startet de en landsbygruppe som de håpet ville hjelpe dem til å tjene mer på håndarbeidet.

– Vi startet «Shapla», en gruppe vi mente kunne være en plattform for å utvikle landsbyen og familiene våre, sier de ti kvinnene.

## VANNLILJE

Gårdsplassen er fortsatt våt etter nattens regn. Monsunen, som skulle gitt vann til å plante ris, har ennå ikke kommet, og fortvilte bønder må bare håpe at det ikke tar for lang tid før regnet kommer.

Vi sitter på tomme sekker som er lagt ut på leirgolvet utenfor et av hjemmene. På gårdsplassen utenfor tripper

Produktene er mange når kvinnene i gruppa stiller ut noe av det de lager. Planen er at de skal ha enda flere produkt. Frå venstre bak: Potuli Rani, Rashu, Shima, Maya, Minoti og Gita. Fremme: Bashona, Shindu og Sushoma.



høner og ender som graver og hakker etter mat. Mennene og barna lytter spent til samtalen. De har kalt gruppa «Shapla», som betyr vannlilje og er navnet på Bangladesh sin nasjonal-blomst.

– Grappa er som en vakker lilje, sier kvinnene. Det er Strømmestiftelsens samarbeidsorganisasjon, Sabalamby Unnayan Samity (SUS), som driver arbeidet og hjalp dem med å starte opp.

#### DRØMMEPLAN

– Dette er et fattig område. I landsbyen er det 26 familier. De fleste kvinnene jobber med bambus. Mennene er dagarbeidere. Først måtte vi finne ut hvor omfattende fattigdommen er her, og så måtte vi finne de fattigste. Deretter lagde vi en utviklingsplan for de neste fem årene. Så skulle hvert medlem lage sin personlige utviklingsplan, sin drømmeplan, for seg og familien. Vår oppgave er å gi råd,

kunnskap og hjelpe med å danne grupper. Vi har ledertrening, underviser i entreprenørskap og om det å tjene penger. Vi følger opp og jobber sammen om å utvikle nye ideer og

# 300%

Inntekten per dag har nå økt rundt 300%, siden 2019.

produkter, sier programansvarlig i SUS, Kumar Bidyut Dey.

#### ET STERKERE FELLESKAP

– Fra å ha hatt nesten ingen inntekt selger kvinnene nå for 300 – 400 taka (30 – 40 kroner) per dag, mot 100 – 150 taka (10 – 15 kroner) som var vanlig da vi kom hit i 2019. I tillegg

